

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 04.02.2021.

Møtetype: Styremøte.

Innkalt av: Leiar Bente Aase Duckett.

Deltakarar: Benta Aase Duckett, Tor Magne Gramstad, Ketil Simonsen, Elisabeth Førland, Aina Sunde Dahl. Fråværande: Hans Hodne og Ragnfrid Sørhus Torkildsen.

Referat frå forrige møte; godkjent.

Sak ein; årsmøtet. -Me vil nytta Zoom for å arrangere digitalt årsmøte i år. Elisabeth vert ordstyrar, Aina og Elisabeth testar ut på førehand korleis dette virker. Styret samlast heime hjå Eva (Og Tor Magne) Instruksar leggjast ut på Facebook og heimeside. Alle som deltek oppfordast til å lesa dokumenta på førehand, møtet må vera unnagjort på førti minutt, me får antakeleg ikkje tid til å lesa opp alt. Avstemming ved håndsopprekking. Funksjoner: -Møteleiar: Elisabeth. -Protokoll: Tor Magne. -Underskrive protokoll: Aina og Ketil. -Tellekorps: Bente og Eva. Blomster og gåver får ordnast i etterkant. Angående dokumenter: Det budsjetteres forsiktig i pluss. Aktivitetsplan; Manglar pelsstell i nordfylket. Settes opp i september.

Sak to; Aktivitetar, utstilling og slikt. -Det er stor etterspørsel på oppstart på Sviland. Me startar opp treffa så snart fimbulvinteren viser teikn til å gi seg. -Tor Magne skriv eit innlegg til våre spaniels, med aktivitetsplanen. Annonsera utstillinga. Tor Magne overtar påmeldinger frå Eva.

Ny utstillingskomite i hovudstyret. Me er bedt om å finna Norske dommarar, då det er svært uvisst med tanke på innreiseforbud, karantene og så vidare... Me ynskjer oss i så måte Børge Espeland og Anne L. Buvik. Alle i styret har fått liste over Norske, brukbare dommarar.

Eventuelt; Kvar medlemmer høyrer til, igjen....Det er framleis ikkje mogleg å velje kva avdeling ein vil tilhøyra. Me ser at me har eit par medlemmer i vår avdeling som tilhøyrer ei anna avdeling. Me har ikkje sjølve gjort noko i forhold til dette, men oppfordrar til å melde seg inn i den avdelinga der man høyrer til. Dei er sjølvsgt velkomne til å delta på aktivitetar hjå oss.

Neste møte: Attende februar, årsmøte. Styret samlast på Høle klokka halv kvart over seks.